

Dårlegare eldreomsorg, meiner eldrerådet

17.10.2012



Lagnaden til denne institusjonen skal avgjerast neste torsdag. (Foto: HusnesNett)

**Den føreslegne omleggjringa på Varaldsøy vil totalt sett føra til ei därlegare eldreomsorg i kommunen.** Difor bør den ikkje gjennomførast, i alle fall ikkje no. Det held eldrerådet fram i ei uttale. I eldrerådet sit mellom andre Åshild Sjøwall frå Uskedalen. Utgreiingane viser ein del usikre økonomiske moment, påpeikar eldrerådet, men utgangspunktet er at eldreomsorg ikkje berre handlar om pengar men like mykje om respekt for eldre og pleietrengjande. Dei skal føla seg trygge på institusjonanene og i nærmiljøet sitt.

Eldrerådet har spesielt merka seg notatet frå verksemdleiar Sigurd Næss i Husnessona, og vil trekka fram ein del av dei negative momenta han peikar på:

- Dersom Varaldsøy aldersheim blir lagt ned, vil det føra til at dei som bur på heimen i dag vil oppta plassar for andre i heile kommunen.
- Eldre frå Varaldsøy skal flyttast til Halsnøy, Husnes, Rosendal eller Ølve.
- I heile kommunen vil det bli vanskelegare å få tenester i alle trinna i omsorgstrappa.  
Det vil òg bli vanskelegare å få korttids-og avlastingsplass.
- Det vil bli større problem å ta imot pasientar frå sjukehusa i tråd med Samhandlingsreforma, og kommunen vil då måtta betala for 'våre' utskrivingsklare pasientar.
- På grunn av dei økonomiske rammene politikarane har fastsett, vil ein heller ikkje kunna auka heimetenestene.

Eldrerådet viser elles til uttale 05.09.12, der vi uttrykte vår skepsis til at eldre i Kvinnherad må rekna med å måtta bu to på eitt rom, slik kommunalsjefen har opplyst. Sjølv om dette først og fremst gjeld korttidsplassar, ser vi på ei slik ordning som eit stort tilbakesteg og ei forverring av livssituasjonen foreldre menneske. Om dette skjer, vil

det etter vårt syn også vera brot på *Verdighetsgarantien*, som Regjeringa innførte frå 01.01.11. Her går det klart fram at kommunane skal tilby eldre einerom.

Eldrerådet ser klart at det er nødvendig å setja i verk ulike innstramingstiltak for å fåorden på kommuneøkonomien. Men vi tykkjer det er respektlaust overfor dei som har vore med og bygt opp velferdssamfunnet vårt å leggja ned Varaldsøy aldersheim i si noverande form. Dei eldre skal ikkje "brukast" på ein slik måte for å få balanse i rekneskapet, spesielt ikkje når vi veit at einedleggjing vil gå ut over heile omsorgstenesta i kommunen.

I det minste bør saka utsetjast til dess utbyggjinga av Rosendalstunet er gjennomført. Dessutan meiner eldrerådet, som alternativ til nedleggjing på Varaldsøy, at det bør innførast eigedomsskatt på private hytter og hus igjen. For 2013 vil dette gje ei inntekt på ca 13,5 millionar kroner, altså meir enn det administrasjonen vil spara. Ved eit slikt tiltak vil alle kvinnheringar samtidig vera med i eit felles løft for ei god eldreomsorg i kommunen!

**Kvinnherad eldreråd**

(Vedteke i møte 16.10.12).